

Interpellasjon frå Stian Davies (Ap)

Vestland fylkeesting må erklære ei klima- og økologisk krise

Ifølgje Parisavtalen har vi 10 år på å halvere verdas totale utslepp for å hindre dei største klimaendringane. Allereie no skjer det irreversible endringar, og gjer vi ikkje store grep no, vil store delar av verda vere ubebueleg. Klimaendringane vil ikkje berre føre til endra klima, men det vil og forverre den økologiske krisa vi er i. Ein million dyreartar er truga med å bli utrydda, og pilane peiker mot ein trussel for store delar av verdas befolkning ifølgje IPBES sin rapport frå 2019. Ifølgje panelet styrar vi mot ein økologisk kollaps.

For det er ikkje lenger tvil om kva som forårsakar klimaendringane. Klimaendringane er forårsaka av menneskeleg aktivitet og utslepp, og den økologiske krisa er eit resultat av både dei globale temperaturendringane og øydelegging av naturmangfald ved stadig utbygging i sårbare områder. Vi kan ikkje la denne utviklinga fortsette. Om vi let den globale gjennomsnittstemperaturen auke med over 2 grader vil det føre til enorme folkevandringar frå det globale sør til det globale nord grunna klimaendringane i ei skala vi aldri har sett før. Livsgrunnlaget vårt på kloden vil vere i fare. Det vil og få store tryggingspolitiske konsekvensar, med meir fattigdom og kamp om knappe ressursar i dei hardast råka områda.

Noreg er eit lite land, men med store moglegheiter for å bidra til å løyse krisa vi er i. Vi har naturressursane, kapitalen og kunnskapen til å gjere ein stor skilnad i verda. Vestland er sjølv drivkrafta i det grønne skiftet i Noreg. Industrien vår er allereie verdsløiande i ny teknologi som kuttar utslepp, og har viljen så lenge det er politisk ynskje om endring. Vi kan kutte utslepp lokalt, og eksportere nullutsleppsteknologi globalt. Vi må bidra med det vi kan for at den globale gjennomsnittstemperaturen ikkje stig med meir enn 1,5 grader, slik vi har forplikta oss etter Parisavtalen.

Som fylkeskommune må vi tenke klima i kvar ein ting vi gjer. Kvart einaste vedtak må gjerast med klar forståing over konsekvensane for klima, miljø og økologi, og vi må bruke innkjøpsmakta vår til å bidra til det grønne skiftet. Dei gamle fylka Hordaland og Sogn og Fjordane erklærte klimakrise og handla deretter. No må Vestland fylke fortsette arbeidet med å bidra til å trygge Noreg og verda.

Men før vi tek fatt på dei store oppgåvene, må vi vere einige om problemstillinga.

Derfor må Vestland fylkeesting erklære ei klima- og økologisk krise.

Eg har derfor to spørsmål til ordførar:

- Er fylkesordføraren einig om at vi står overfor ei klima- og økologisk krise?
- Er fylkesordførar einig om at Vestland spelar ei avgjerande rolle for det grønne skiftet i Noreg?

Forslag til vedtak:

- Vestland fylkeesting erklærer klima- og økologisk krise.
- Vestland fylkeskommune tek ansvar som eit føregangsfylke i Noreg for utvikling av ny miljøvennleg teknologi og ein grøn industri som skapar vekst og velferd i heile Noreg.
- Vestland fylkeesting oppmodnar kommunar, fylkeskommunar og Storting til å erklære klimakrise.